

## Referat frå SU-møte ved Knappskog skule torsdag 12. september 2024 klokka 18-20.

Frammøtte:

Mateo Refsland, leiar i elevrådet

Daniel Fjeldstad, nestleiar i elevrådet

Sarah Rigstad, FAU-leiar

Kristin Brennhaug, politisk representant

Nina Skråmestø, repr. for andre tilsette (vikar for Katrine Abelsen)

Solfrid Kleiven, rektor.

Meldt fråfall: Inga Grøm (teamleiar mellomtrinnet), Lisa Skutle (teamleiar småtrinn) og Katrine Abelsen (SFO-leiar). Mangla elles to FAU-representantar.

Saker:

### 1. Presentasjon.

Alle helste på kvarandre og vi hadde ein ekstra namnerunde. FAU er ikkje heilt oppe og går enda, så FAU-leiar stilte aleine denne gongen. Nytt elevråd er valt og ny leiar og nestleiar var på plass.

### 2. Informasjon frå skulen:

- Ny opplæringslov frå 1. august, denne må vi arbeide oss inn i. Mykje er likt som i den gamle, men litt endra struktur, språk og lovparagrafar. Auka fokus på inkludering.
- Skulereglement skal no heite skulereglar, jf. ny opplæringslov. Det er skuleeigar som har ansvar for å utarbeide desse, så vi ventar på korleis dei blir. Vi har ikkje «mobil-hotell» på skulen, men regelen er at mobilar og mobilklokker ikkje skal vere synlege på skuleområdet. Dei skal ligge avslått i skulesekken. Dersom mobil likevel blir brukt, tas den inn av dei vaksne og blir gitt til kontaktlærer. Eleven får mobilen med heim etter skuleslutt og føresette får beskjed. Ved alvorlege tilfelle blir leiinga informert og det blir ringt til heimen.
- Vigilo er nytt skuleadministrativt system som vi øver oss på. Satsar på å ha alt klart til etter haustferien. Det blei informert om Vigilo på foreldremøta.
- Vi har hatt ein god skulestart; god stemning, 22 nye førsteklassingar, innføringselevane er delt i tre grupper/ klasser pga. høgt tal elevar, høg trivsel i friminutt pga. ordning med ballspel i gymsal ein dag i veka for 4.-7. klasse og to dagar med sjakk-spel for dei som ønskjer dette.
- Trivelspengar frå kommunen er brukt til abonnement på «Musikk i skolen»: [Musikk i skolen](#), rytmeinstrument og flagg frå alle nasjonalitetar som vi har elevar frå. Vi tenkjer at dette kan hjelpe til at alle kjenner seg inkludert på skulen.

- Pengar til bokkjøp er brukt til å supplera lesebøker og fagbokbibliotek på ulike trinn, God start-bøker til innføringselevane våre og bøker til skulebiblioteket; nye bøker, seriebøker, bøker på engelsk og andre språk. Inga og Nina har ansvar for skulebiblioteket og har med 10 elevar som hjelparar. Har stort fokus på lesing og deltar på ulike leseprosjekt gjennom året.

### 3. Møteplan

Torsdagar, evt. onsdagar passar best. Solfrid kallar inn til møter den 7. november, 6. februar, og 22. mai kl. 18-20. Hovudsak i november blir uteområde og skulemiljø.

### 4. TV-aksjonen «Saman for små heltar»

Årets TV-aksjon støtter Barnekreftforeningen og blir arrangert den 20. oktober. Målet er å bygge familiehus i Bergen og tre andre byar i landet slik at dei borna som er sjuke kan bu i lag med heile familien sin og ikkje berre ein av foreldra. Skulen deltok på «Stafett for livet» for same sak i vår, og ønskjer å delta på Ågotnes til våren igjen. Vi vil likevel snakke om saka på alle klassetrinn i forkant av TV-aksjonen og håper mange born og foreldre kan stille som bøsseberarar. Sarah og Kristin sjekkar opp med Ernst Einarsen og evt. velforeiningar om roder og følg opp saka for Knappskog skulekrets.

### 5. Høyring Barnehage- og skulebruksplan

Det er frist den 30. september for å melde innspel til planen. Rektor skriv eit innspel på vegner av SU og sender det innan fristen.

### 6. Trafikktryggleiksplan for Øygarden kommune

Frist for å kome med innspel er den 15. oktober. Elevrådet skal ha dette som sak etter at alle klasser har snakka om det. Elevrådet vil sende inn eit svar. FAU tek og opp saka og melder sine innspel.

### 7. Skulerute 2025-26

Ingen innspel eller spørsmål til skuleruta, ho ser heilt fin ut.

### 8. Eventuelt:

- Skulefotografering er planlagt 23.-25. september
- Skulefruktsaka tas opp igjen på FAU-møte, teste ut Skolefrukt.no?  
[Hva er Skolefrukt? – Skolefrukt](#)
- FAU fordele bruk av allrom mellom klassetrinna ein kveld i veka?
- Det er mange ønsker for uteområdet; ballbinge, sikre fjellet, hinderløype, takoverbygg osv. Dette blir hovudsak på neste møte.
- Elevane ønskjer både kantine, turneringar og open scene. Dette tas opp på neste elevrådsmøte.

Referent: Solfrid Kleiven, rektor Knappskog skule